

Til våre Garantikraftkundar

Mens andre uroar seg over høge kraftprisar, kan du slappe heilt av!

Som mange sikkert har fått med seg, er det stort fokus på kraftprisar for tida, seinast i programposten «Debatten» på NRK torsdag kveld og på nyheitene på NRK i dag. Prisane kjem til å halde seg høge lenge, ja gjerne i heile 2019, meiner ekspertane.

Straum er handelsvare og det er tilbod og etterspurnad som avgjer prisane. Ut over hausten 2018 steig prisane og det var varsla unormalt høge prisar inn i 2019. For å skjerme kundane våre mot denne uønskete prisauken, sikra vi prisane slik at du som kunde aldri skal betale meir enn 69,9 øre for kvar kilowatt time. Og sjølvsagt..... Om prisane ligg under denne maksimale grensa, vil du ikkje betale meir enn marknadspris.

For dei som hugsar sist det var like høge prisar – vinteren 2010 – 2011 – så vart prisane til tider langt over ein krone for kvar kilowatt time. Men også den gongen sikra vi prisane og våre kundar slapp unna dei unormalt høge prisane. Forventningane denne gongen, er at prisane vil gå ennå høgare og at det ikkje vil normalisere seg før etter snøsmeltinga.

Prisane vil endre seg mellom anna etter kor mykje nedbør som kjem ut over våren, vindkraftproduksjon og ute-temperatur dei kommande månadar.

Kva kan du sjølv gjere for å redusere kostnadane med straum?

Om vinteren bruker vi mykje straum til oppvarming. Då kan du sjølvsagt spare pengar på å fyre med ved. I tillegg er det lurt å senke temperaturen om natta og når du ikkje er heime.

Med dei nye målarane som er installert, kan du sjølv gå inn på kundesida di på www.aksa.no og sjå korleis forbruket ditt er – time for time. Det gir deg betre oversikt over forbruket ditt, når du har det høgaste forbruket, og det kan også gje tips til korleis du kan spare straum.

Om du har spørsmål om prisar og straumkontrakten din, er vi alltid klar til å svare deg på firmapost@aksa.no, eller telefon 55 08 00 00.

Venleg helsing
Austevoll Kraftlag SA